



Skogsvåg skule

Referat frå møte i SMU 3.6.2024

Møte nr.:	1/2024
Dato/Tid:	Måndag 3.6.2024 kl.17.30 – 18.30
Stad:	Skogsvåg skule
Til stades	Kristine Andersen Midlang, foreldrerepresentant. Symphorien Pombe, politisk representant. Cathrine Aase Førde og Jannicke Høyland, representantar for dei tilsette. Rektor Lena M. Fjeldstad, referent. Marita Kvam, foreldrerepresentant, hadde ikkje høve til å delta. Det hadde heller ikkje dei to elevrådsrepresentantane.

SAKSLISTE

Sak	Tema
1/2024	Godkjenning av innkalling / saksliste Det var ingen merknadar til innkalling og saksliste.
2/2024	Skulemiljøet Rektor har snakka med elevrådsrepresentantane Magda og Mina i forkant av møtet. Dei informerte om at dei meiner skulemiljøet er bra. Dei har svart på ungdoms spørsmål i år, og nokre spørsmål var litt private, og enkelte litt vanskelege å svare på. Ungdata: Her blir ein spurt om tilhøve til foreldre og venar, skule, lokalmiljø, fritidsaktivitetar, helse og trivnad. Elevrådet har mellom anna svart at dei synest det er altfor få bussavgangar til fritidsaktivitetar. Elevrådet er veldig oppteken av at skulen får bruke bana til Skogsvåg idrettslag, det gjeld spesielt mellomtrinnet. Dei meiner generelt at det er lite leikeapparat tilpassa dei, og har stor glede av å kunne bruke idrettsbana til allsidig aktivitet. Blir fort trangt på fotballbana, og elles på skuleplassen. Det blir lettare konfliktar då. Sympho informerte om at idrettslaget tidlegare har fått midlar frå kommunen i samband med bygging av klubbhuset. Kristine informerte om at FAU har pengar på konto, og dei vil gje pengar til noko somagnar alle, til dømes leikeapparat. Ho spurte om det er nokre ønske frå skulen og



Skogsvåg skule

	<p>elevane. Elevrådet har tatt opp at dei ønsker seg fleire disser og ein til ufo-disse. Klatrestativ meir tilpassa mellomtrinnet er også eit ønske.</p> <p>Skulemiljøutvalet er einig i at det blir sendt eit skriv til administrasjonen vedr bruk av idrettsbana.</p> <p><i>I etterkant av møtet sendte skulen skriv til Christian Alsaker, leiar for avdeling forvaltning og planlegging.</i></p>
3/2024	<p>Nytt frå skulen</p> <p>Plaketten frå Dysleksi Noreg er hengt opp, det synlege beviset på at vi er ein slik skule. Det var ei veldig kjekk markering, og stilig med bilete tatt av drone. Cathrine informerte frå arbeidet kring markeringa, og fargar vi brukte for å skrive «Skogsvåg skule» på idrettsbana.</p> <p>Ny rektor: Ingrid Hestad Bildøy.</p>
4/2024	<p>Eventuelt</p> <p>Budsjett. Sympho spurte om det er utfordringar knytt til ressursane neste skuleår. Frå skulen si side vart det informert om at vi spesielt kjenner på manglande ressursar til elevar med spesielle behov i sfo. Dette skuleåret har det vore spesielt krevjande i høve fleire langtidssjukemeldte fagarbeidarar, og elles stort fråvær. Vi har gått med ekstra bemanning til tider, for at det skulle vere forsvarleg. Neste skuleår manglar vi noko ressursar i sfo.</p> <p>Sympho gav uttrykk for at det er viktig med motstand mot ressursituasjonen, og rektor informerte om at det er sendt tilbakemelding til administrasjonen.</p> <p>Kristine informerte om kommunalt fug som no er etablert i kommunen. Her vil m.a. budsjett vere tema, og ein har meir moglegheit til på verknad gjennom eit slikt organ.</p> <p>Jannicke påpeikte viktigheita av førebygging og tidleg innsats for å hindre meir spesialpedagogikk i skulen.</p> <p>Elles har skulen brukt ufaglærte vikarar for lærarar også dette skuleåret, det har ikkje vore mogeleg å få tak i faglærte pedagogar.</p> <p>Rektor informerte om at mange skuleleiarar er kritisk til å bruke mykje pengar på skuleturar som ikkje er obligatoriske. Skulane (og andre) hadde trengt pengane til å styrke skulane, mellom anna til miljøarbeidarar på fleire skular.</p> <p>Informasjon om lærarar neste skuleår vil kome på transponder.</p>

Referent

Lena M. Fjeldstad, rektor